



Notat

Dato: 19.08.2014
Arkivsak: 2014/19051-3
Saksbehandlar: nilgrud

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Reasfaltering av Hegglandsdalsvegen i Os kommune - Svar på oversendingforslag

På møte i samferdselsutvalet 04.06.14 sette representanten Gustav Bahun (Frp) fram slikt oversendingsspørsmål:

« Hegglandsdalsvegen – Når står reasfaltering på programmet»

Samferdselsavdelinga sendte over spørsmålet om reasfaltering til vidare handsaming i Statens vegvesen i brev av 08.07.14. Det ligg no føre svar frå Statens vegvesen i brev av 15.08.14, der det heiter:

«På fylkesveg 137 Hegglandsdalsvegen skal det i år leggjast ny asfalt mellom Rødsliane og Heggland, ei strekkje på om lag 5,1 kilometer med ein anteke kostnad på 2,3 mill. utan moms.

Nærare tidsfesting har me ikkje enno, men kontrakten der denne vegen ligg inne, skal ferdigstillast innan 15. oktober.»

Fylkesrådmannen viser til svaret frå Statens vegvesen og har elles ikkje nokon merknader.